

"It's not good, it's not bad - it's just different"

No er eg snart ferdig med min niande månad her i Las Vegas, og eg har det utruleg bra. Det er rart å tenke på at eg for eitt år sidan satt heime ein søndagskveld i april, då telefonen ringte og ei stemme sa, "Vi har ein familie til deg..."

Eg fekk eit spørsmål frå AFS om eg kunne skrive litt om året mitt, og forventningane eg hadde til mi *utradisjonelle plassering*. Det handla ikkje om at eg er plassert midt i byen Las Vegas, men det at eg ikkje berre har ein pappa, men to, altso at eg bur hos eit homofilt par.

For meg var det aldri eit problem at eg skulle bu hos eit homofilt par. Det var heller ikkje eit problem for familien min eller nokon av vennene mine. Men uansett kva dei hadde meint eller sagt om det, hadde det ikkje betydd mykje, det var MITT val for MITT år!

Då eg fekk min vertsfamilie visste eg ikkje heilt kva eg skulle forvente. Eg kryssa fingrane for at dei var sånn som på TV og film; over gjennomsnittlig feminine, moderne og moteriktige. Ganske stereotypisk, men det var det eg håpa eg kom til å få.

Eg føler vertsforeldra mine er meir liberale og mindre fordomsfulle enn mange andre, og dei har ikkje eit svart/kvitt syn på verda. Eg har fått oppleve utruleg mykje og takka vere mine vertsforeldre har eg fått reise mykje. Og vi har framleis mange planar for nye opplevingar før eg skal reise tilbake til Norge igjen.

Eg synes det er synd at det i eit så liberalt og moderne land som Norge, framleis er mange som har problem med å akseptere homofili. Er det slik at dersom to personar av same kjønn er saman så er dei dårlige menneske? "Good people are good people", uansett korleis dei ser ut, kva hudfarge dei har, kvar dei kjem frå, kva kjønn dei har, eller om dei er homofile eller heterofile.

Eg kunne ikkje fått ein betre vertsfamilie enn Thom & Jim. Eg stolar 100% på dei, og eg kan snakke med dei om alt. Uansett kva det er, så stiller dei opp for meg. Eg veit at dei bryr seg om meg og vil gjere alt for at eg skal få eit best mogeleg år. Eg er den fjerde studenten dei har hatt her, og alle føler det same. Eg har også møtt og snakka med andre studentar med homofile vertsforeldre, både med to menn og to kvinner, og alle seier det same som meg. Får du tilbod om å bu hos eit homofilt par som vertsfamilie må du ikkje nøle med å takke ja. Eg kan love deg at du ikkje kjem til å angre.



Sondre, AFSar i USA 10/11